VEDLEGG1: HANDLINGSPROGRAM

Handlingsprogrammet er ei oppsummering av driftstiltak frå Regional transportplan 2018 – 2027. Prioritering og gjennomføring av driftstiltaka må vurderast i samband med dei årlege driftsbudsjetta.

Tiltak som krev investeringsmidlar må vurderast i samband med investeringsplanen og dei årlege budsjetta.

Foto: Ole Ingar H. Hæreid, Sogn og Fjordane fylkeskommune

INNHALD

KAPITTEL 4: FYLKESVEG 3
KAPITTEL 5: KOLLEKTIVTRAFIKK 5
KAPITTEL 6: TRAFIKKTRYGGING 8
KAPITTEL 7: NÆRINGSTRANSPORT 9
KAPITTEL 8: SKREDSIKRING 9
KAPITTEL 9: STATLEG INFRASTRUKTUR 10

KAPITTEL 4: FYLKESVEG

Tiltak 4.2.2	Funksjonsinndeling av fylkesvegnettet som grunnlag for prioriteringar
Innhald	Vurdere endringar i funksjonsinndelinga av fylkesvegnettet som følgje av kommunereforma.
Ansvar	Samferdsleavdelinga
Samarbeidspartar	Statens vegvesen
Ressursar/finansiering	Drift- og vedlikehald/Sams vegadministrasjon
Oppstart/framdrift	2018 - 2019

Tiltak 4.3.2	Vedlikehaldsplan for bruer
Innhald	Utarbeide vedlikehaldsprogram for bruer med fokus på oppgradering av bæreevne og rekkverk, overflatebehandling av stål, betongreperasjon som fylgje av armerings-korrosjon og utbetring av bruer som er flaskehalsar i vegnettet.
Ansvar	Samferdsleavdelinga
Samarbeidspartar	Statens vegvesen
Ressursar/finansiering	Drift- og vedlikehald/Sams vegadministrasjon
Oppstart/framdrift	2018

Tiltak 4.3.2	Vedlikehaldsplan ferjekaier
Innhald	Utarbeide vedlikehaldsplan for å fjerne forfallet på ferjekaier på fylkesvegnettet inkludert vurdering av behovet for tilrettelegging av ny teknologi på ferjene.
Ansvar	Samferdsleavdelinga
Samarbeidspartar	Statens vegvesen
Ressursar/finansiering	Drift- og vedlikehald/Sams vegadministrasjon
Oppstart/framdrift	2018

Tiltak 4.3.2	Dekkeleggingsplan
Innhald	Utarbeide 4-årig plan for dekkelegging med minimumsnivå tilsvarande perioden 2010 – 2014.
Ansvar	Samferdsleavdelinga
Samarbeidspartar	Statens vegvesen
Ressursar/finansiering	Drift- og vedlikehald
Oppstart/framdrift	2018

Tiltak 4.5.2	Innsparingstiltak på høgfjellsovergangar (SFJ 2019)
Innhald	Gjennomføre dialog med verksemder, kommunar og fylkeskommunar som vert råka av innsparingstiltaka i SFJ 2019.
Ansvar	Samferdsleavdelinga
Samarbeidspartar	Aktuelle kommunar og fylkeskommunar
Ressursar/finansiering	Drift- og vedlikehald
Oppstart/framdrift	2018

Tiltak 4.6.2	Naudnett og DAB
Innhald	Arbeide for at Staten skal innføre eit nasjonalt krav om naudnett i alle tunnelar over 500 meter med statleg fullfinansiering av ei slik utbygging.
Ansvar	Fylkeskommunen
Samarbeidspartar	Statens vegvesen, politi, Helse-Førde, brannvesen, Fylkesmannen
Ressursar/finansiering	
Oppstart/framdrift	2018 - 2027

Tiltak 4.8.2	Kartlegging av tilstanden på veginfrastruktur
Innhald	Kartlegge tilstanden på grøfter, drenering, vegutstyr og tekniske anlegg/installasjonar på fylkesvegnettet. Prioritere vegar i funksjons-klasse B og C.
Ansvar	Statens vegvesen
Samarbeidspartar	
Ressursar/finansiering	Drift- og vedlikehald/Sams vegadministrasjon
Oppstart/framdrift	2018 - 2021

Tiltak 4.8.2	Klimatilpassing av veginfrastrukturen
Innhald	Stille krav til god drenering på eksisterande veginfrastruktur for å redusere påverknaden av endra klima.
Ansvar	Samferdsleavdelinga
Samarbeidspartar	Statens vegvesen
Ressursar/finansiering	Drift- og vedlikehald
Oppstart/framdrift	2018

Tiltak 4.8.2	Klimatilpassa planlegging
Innhald	Planlegge nye vegprosjekt med dimensjonar og drenering, som inkluderer gjeldande klimapåslag.
Ansvar	Statens vegvesen
Samarbeidspartar	
Ressursar/finansiering	Investeringsbudsjett/Sams vegadministrasjon
Oppstart/framdrift	2018-2027

Tiltak 4.9.2	Rolleavklaring i høve infrastruktur
Innhald	Avklare fylkeskommunen si rolle i ei utbygging av ladestasjonar på fylkesvegnettet.
Ansvar	Fylkeskommunen
Samarbeidspartar	Samferdsleavdelinga/Fylkesrådmannens planstab
Ressursar/finansiering	
Oppstart/framdrift	2018

Tiltak 4.9.2	Hurtigladestasjonar
Innhald	Utvide eksisterande tilskotsordning knytt til etablering av hurtigladestasjonar. I oppfølginga av Regional transportplan og Regional plan for klimaomstilling skal det samarbeidast om å fremje tilskotsordninga og søkje etter aktuelle utbyggingsinteressentar.
Ansvar	Fylkesrådmannens planstab
Samarbeidspartar	Samferdsleavdelinga
Ressursar/finansiering	
Oppstart/framdrift	2018 - 2021

Tiltak 4.9.2	Søkje om tilskot
Innhald	Søkje om eventuelle tilskot frå ENOVA til utbygging av hurtigladestasjonar på regionale hovudvegar.
Ansvar	Fylkesrådmannens planstab
Samarbeidspartar	Samferdsleavdelinga
Ressursar/finansiering	
Oppstart/framdrift	2018 - 2021

Tiltak 4.11.2	Fråvik frå vegnormalar/handbøker
Innhald	Vurdere tema/område i handbøkene som skal ha eit generelt fråvik frå krava i vegnormalane.
Ansvar	Samferdsleavdelinga
Samarbeidspartar	Statens vegvesen
Ressursar/finansiering	
Oppstart/framdrift	2018

KAPITTEL 5: KOLLEKTIVTRAFIKK

Tiltak 5.2.2/5.4.2	Marknads- og informasjonsplan
Innhald	Utarbeide og gjennomføring av marknads- og informasjonsplan basert på målsetningar i RTP.
Ansvar	Samferdsleavdelinga
Samarbeidspartar	
Ressursar/finansiering	Driftsbudsjett/kollektiv
Oppstart/framdrift	2017 (oppdaterast årleg)

Tiltak 5.2.2	Kringom og Facebook som kommunikasjonskanal
Innhald	Vidareutvikling av Kringom.no og Facebook som kommunikasjonskanal med dei reisande. Dette inneber også at viktig informasjon er tilgjengeleg på norsk og engelsk.
Ansvar	Samferdsleavdelinga
Samarbeidspartar	
Ressursar/finansiering	Driftsbudsjett/kollektiv
Oppstart/framdrift	2017-2021

Tiltak 5.2.2	Gode billettprodukt og betalingsløysingar
Innhald	Vidareutvikle betalingsløysingar og billettprodukt.
Ansvar	Samferdsleavdelinga
Samarbeidspartar	Nasjonale institusjonar som til dømes «Entur».
Ressursar/finansiering	Driftsbudsjett - kollektiv/investeringsbudsjett
Oppstart/framdrift	2017-2021

Tiltak 5.2.2/5.5.2	Dialog med ulike aktørar
Innhald	Vidareutvikle dialog med profesjonelle aktørar som nyttar kollektiv-tilbodet, som til dømes turistnæringa.
Ansvar	Samferdsleavdelinga
Samarbeidspartar	Reiselivsaktørar, næringsliv og kommunar
Ressursar/finansiering	
Oppstart/framdrift	2018-2021

Tiltak 5.2.2	Kundeundersøkingar
Innhald	Gjennomføre kundeundersøkingar for å avdekke endringar i reisemønster og behov.
Ansvar	Samferdsleavdelinga
Samarbeidspartar	
Ressursar/finansiering	Driftsbudsjett/kollektiv
Oppstart/framdrift	2018-2027

Tiltak 5.3.2	Kartlegge utbetringsbehov på infrastruktur
Innhald	Systematisk registrere infrastruktur i forhold til universell utforming, standard og trafikktryggleik.
Ansvar	Samferdsleavdelinga
Samarbeidspartar	Utleigarar av infrastruktur (kommunar, ruteselskap og andre private aktørar)
Ressursar/finansiering	Driftsbudsjett/kollektiv
Oppstart/framdrift	2018 - 2027

Tiltak 5.3.2	Vurdere komfortnivå på reisemiddel
Innhald	Vurdere kva som er høveleg komfortnivå for buss/båt materiell på ulike rutetypar.
Ansvar	Samferdsleavdelinga
Samarbeidspartar	Rutenæring, produsentar av materiell, bransjeorganisasjonar og andre fylkeskommunar.
Ressursar/finansiering	
Oppstart/framdrift	2018 - 2027

Tiltak 5.3.2	Universell utforming
Innhald	Stille krav til universell utforming av materiell ved utarbeiding av anbodsgrunnlag. Arbeide for at kollektivsystemet vert best mogleg universelt utforma.
Ansvar	Samferdsleavdelinga
Samarbeidspartar	Rutenæringa
Ressursar/finansiering	
Oppstart/framdrift	2018 - 2027

Tiltak 5.3.2/5.6.2	Moglegheiter for klimagassreduksjon
Innhald	Greie ut moglegheitene for klimagassreduksjonar på fylkesvegferjer, båtar og bussar med aktuell teknologi og kostnadskonsekvensar, inkludert infrastrukturtiltak, som grunnlag for utarbeiding av anbodsgrunnlag.
Ansvar	Samferdsleavdelinga
Samarbeidspartar	Andre fylkeskommunar, Statens vegvesen, leverandørar.
Ressursar/finansiering	Driftsbudsjett/kollektiv
Oppstart/framdrift	Ved utarbeiding av anbod

Tiltak 5.4.2	Dialog
Innhald	Systematisere tett dialog med kommunar og skular, samt samarbeidande ruteaktørar (Fylker, Statens vegvesen og kommersielle aktørar).
Ansvar	Samferdsleavdelinga
Samarbeidspartar	
Ressursar/finansiering	Driftsbudsjett/kollektiv
Oppstart/framdrift	2018 - 2027

Tiltak 5.4.2	Kompensere meirkostnader
Innhald	Kompensere deler av meirkostnader kommersielle aktørar får ved å tilpasse seg det fylkeskommunale rutesystemet.
Ansvar	Samferdsleavdelinga
Samarbeidspartar	Kommersielle ruteaktørar med rutedrift i Sogn og Fjordane.
Ressursar/finansiering	Driftsbudsjett/kollektiv
Oppstart/framdrift	2018 - 2027

Tiltak 5.4.2	Tilpasse rutetilboda
Innhald	Skreddarsy/tilpasse rutetilbodet slik at det høver best mogleg for dei reisande.
Ansvar	Samferdsleavdelinga
Samarbeidspartar	Kommunane
Ressursar/finansiering	Driftsbudsjett/kollektiv
Oppstart/framdrift	2018 - 2027

Tiltak 5.7.2	Kompetanseheving på klima
Innhald	Styrke administrasjonen og bygge opp kompetansen knytt til klimavenlege teknologiar.
Ansvar	Fylkeskommunen
Samarbeidspartar	
Ressursar/finansiering	Driftsbudsjett
Oppstart/framdrift	2018 - 2021

Tiltak 5.7.2	Styrking av driftsbudsjettet knytt til klimatiltak
Innhald	Styrke budsjettet slik at det er mogleg å realisere fleire klimatiltak.
Ansvar	Fylkeskommunen
Samarbeidspartar	
Ressursar/finansiering	
Oppstart/framdrift	2018-2021

Tiltak 5.7.2	Utviklings/utprøvingsprosjekt
Innhald	Delta i utviklings-/utprøvingsprosjekt på klimagassreduserande tiltak saman med andre fylker for på denne måten redusere risiko og kostnad.
Ansvar	Samferdsleavdelinga
Samarbeidspartar	Andre fylkeskommunar, Statens vegvesen, operatørar
Ressursar/finansiering	Driftsbudsjett
Oppstart/framdrift	2018 - 2027

Tiltak 5.8.2	Rutesøknadar
Innhald	Gjere aktive vurderingar av rutesøknader
Ansvar	Samferdsleavdelinga
Samarbeidspartar	
Ressursar/finansiering	
Oppstart/framdrift	2018 - 2027

Tiltak 5.8.2	Tilbakemeldingar
Innhald	Gje tilbakemelding på forhold som bør justerast
Ansvar	Samferdsleavdelinga
Samarbeidspartar	
Ressursar/finansiering	
Oppstart/framdrift	2018 - 2027

Tiltak 5.8.2	Rutekunngjering
Innhald	Hjelpe til med rutekunngjeringar
Ansvar	Samferdsleavdelinga
Samarbeidspartar	
Ressursar/finansiering	
Oppstart/framdrift	2018 - 2027

Tiltak 5.9.2	Behovsvurdering av drosjeløyve
Innhald	Gjere behovsvurderingar knytt til utlysning av nye drosjeløyve
Ansvar	Samferdsleavdelinga
Samarbeidspartar	
Ressursar/finansiering	
Oppstart/framdrift	2018-2027

Tiltak 5.9.2	Revisjon retningsliner for utøving av løyvemynde for drosje
Innhald	Retningslinene knytt til utøving av løyvemynde må reviderast jamleg opp mot utviklinga i fylket og nasjonalt regelverk.
Ansvar	Samferdsleavdelinga
Samarbeidspartar	Drosjenæringa
Ressursar/finansiering	Driftsbudsjett/kollektiv
Oppstart/framdrift	2018

Tiltak 5.9.2	Dialog med drosjenæringa
Innhald	Dialog med næringa gjennom møter, samtalar og kurs for å stimulere til auka kompetanse, samarbeid og rekruttering i næringa.
Ansvar	Samferdsleavdelinga
Samarbeidspartar	Drosjenæringa
Ressursar/finansiering	
Oppstart/framdrift	2018-2027

Tiltak 5.9.2	Krav til universell utforming
Innhald	Ved tildeling av hovudløyve nr. 2 vert det stilt krav til universell utforming.
Ansvar	Samferdsleavdelinga
Samarbeidspartar	
Ressursar/finansiering	
Oppstart/framdrift	2018-2027

Tiltak 5.9.2	Klima- og miljøkrav
Innhald	Stille hensiktsmessige klima – og miljøkrav ved tildeling av drosjeløyve.
Ansvar	Samferdsleavdelinga
Samarbeidspartar	
Ressursar/finansiering	
Oppstart/framdrift	2018-2027

KAPITTEL 6: TRAFIKKTRYGGING

Tiltak 6.3.2	Rekkverk
Innhald	Oppsetjing av rekkverk etter dagens normalkrav langs fylkesvegar. Auke midlar til vedlikehald/forbetring av rekkverk og støypekantar.
Ansvar	Statens vegvesen
Samarbeidspartar	
Ressursar/finansiering	Drift- og vedlikehald
Oppstart/framdrift	2018-2021

Tiltak 6.3.2	Betre sikring av sideterreng
Innhald	Betre sikringstiltak av sideterreng til fylkesvegnettet, blant anna utbetre ujamne fjell-skjeringar, grov skog, store steinar m.m.
Ansvar	Statens vegvesen
Samarbeidspartar	
Ressursar/finansiering	Drift- og vedlikehald
Oppstart/framdrift	2018-2021

Tiltak 6.4.2	Kartlegging
Innhald	Kartlegge barn og unge sine behov for eit trygt og godt transportsystem.
Ansvar	Samferdsleavdelinga og Fylkesrådmannens planstab
Samarbeidspartar	Statens vegvesen
Ressursar/finansiering	
Oppstart/framdrift	2018-2019

Tiltak 6.4.2	Tilskot til trafikktryggingstiltak
Innhald	Vidareføre ordninga med tilskot til trafikktryggleikstiltak i kommunane gjennom handlingsplan for trafikktrygging.
Ansvar	Samferdsleavdelinga
Samarbeidspartar	Trygg Trafikk, Statens vegvesen, politi og andre.
Ressursar/finansiering	FTU-midlar
Oppstart/framdrift	2018-2021

Tiltak 6.4.2	Fleire skal gå og sykle til skulen
Innhald	Legge til rette for at 8 av 10 barn og unge som ikkje har rett på skuleskyss skal sykle eller gå til og frå skulen.
Ansvar	Samferdsleavdelinga
Samarbeidspartar	Statens vegvesen, Trygg trafikk, kommunar, skular
Ressursar/finansiering	
Oppstart/framdrift	2018 - 2021

KAPITTEL 7: NÆRINGSTRANSPORT

Tiltak 7.2.2/7.3.2	Utbetring av flaskehalsar
Innhald	Ta i bruk kartlegging av flaskehalsar til å setje i verk prioriterte utbetringstiltak
Ansvar	Statens vegvesen
Samarbeidspartar	Samferdsleavdelinga
Ressursar/finansiering	Investeringar / Drift- og vedlikehald
Oppstart/framdrift	2018-2021

Tiltak 7.2.2	Vurdering av ferjefrekvens
Innhald	Vurdere ferjefrekvens ut frå eit næringstransport-perspektiv ved ferjesamband der det kan vere aktuelt.
Ansvar	Samferdsleavdelinga
Samarbeidspartar	
Ressursar/finansiering	
Oppstart/framdrift	2018-2021

Tiltak 7.3.2	Kunnskap om godstransporten i fylket
Innhald	Fylkeskommunen må tileigne seg meir kunnskap. Kunnskapen frå den komande vegkantundersøkinga/godsanalysen vil betre føresetnadane våre til å treffe gode tiltak. Sjå også tiltak under 9.4.3
Ansvar	Samferdsleavdelinga
Samarbeidspartar	Statens vegvesen
Ressursar/finansiering	Drift- og vedlikehald
Oppstart/framdrift	2018

Tiltak 7.3.2	Støtte ekspansjon av hamneområder
Innhald	Fylkeskommunen vil gjennom fråsegner støtte arealplanlegging i hamneområder som vil betre føresetnader for godstransport på sjø til og frå Sogn og Fjordane.
Ansvar	Fylkesrådmannens planstab
Samarbeidspartar	
Ressursar/finansiering	
Oppstart/framdrift	2018 - 2027

Tiltak 7.3.2	Modulvogntog
Innhald	Legge til rette for omlastingsstad for modulvogntog på aktuelle stader i fylket.
Ansvar	Statens vegvesen
Samarbeidspartar	
Ressursar/finansiering	
Oppstart/framdrift	2018 - 2021

KAPITTEL 8: SKREDSIKRING

Tiltak 8.2.2/8.3.2	Nasjonal påverknad
Innhald	Påverknad av sentrale styresmakter mellom anna gjennom fråsegner til Nasjonal transportplan for å få auka den økonomiske ramma til skredsikring.
Ansvar	Fylkeskommunen
Samarbeidspartar	
Ressursar/finansiering	
Oppstart/framdrift	Høyringsperiodar til Nasjonal transportplan

Tiltak 8.3.2	Planreserve
Innhald	Etablere ein planreserve for mindre skredsikringstiltak.
Ansvar	Samferdsleavdelinga
Samarbeidspartar	Statens vegvesen
Ressursar/finansiering	Investeringsbudsjett
Oppstart/framdrift	2018

Tiltak 8.3.2	Vurdere enklare løysingar for å realisere skredsikringsprosjekt
Innhald	Gjennomføre ei vurdering av aktuelle skredsikringsprosjekt for å sjå om det er mogleg å realisere prosjekta med enklare løysingar.
Ansvar	Statens vegvesen
Samarbeidspartar	Samferdsleavdelinga
Ressursar/finansiering	
Oppstart/framdrift	2018-2027

KAPITTEL 9: STATLEG INFRASTRUKTUR

Tiltak 9.4.3	Sjøtransport
Innhald	Gjennomføre godsanalyse i Sogn og Fjordane for å finne fram til potensialet for overføring av gods frå veg til sjø.
Ansvar	Samferdsleavdelinga
Samarbeidspartar	Statens vegvesen
Ressursar/finansiering	Drift- og vedlikehald
Oppstart/framdrift	2018

Tiltak 9.4.3	Tilskotsordning fiskerihamner
Innhald	Opprette tilskotsordning for kommunane til vedlikehald av fiskerihamner, gjeldande frå 2020. Utarbeide retningsliner for ei slik tilskotsordning.
Ansvar	Samferdsleavdelinga
Samarbeidspartar	Hordaland fylkeskommune
Ressursar/finansiering	
Oppstart/framdrift	2020

Tiltak 9.4.4	Farleier
Innhald	Arbeide for å få gjennomført dei tiltaka i farleiene som ligg inne i gjeldande handlingsprogram i Nasjonal transportplan for perioden 2018–2027.
Ansvar	Fylkeskommunen
Samarbeidspartar	
Ressursar/finansiering	
Oppstart/framdrift	2018

Tiltak 9.4.4	Nye farleitiltak
Innhald	Arbeide for å få inn i Nasjonal transportplan Kystverket sine føreslegne prosjekt; Innsegling til Bulandet og gjennomsegling Florø – Stad.
Ansvar	Fylkeskommunen
Samarbeidspartar	
Ressursar/finansiering	
Oppstart/framdrift	2018